

MØTEREFERAT

Tema:	Ny landkommune
Dato/Stad	Ørskog Rådhus, Sjøholt, 15. januar 2016, kl 08:30 til 12:30
Møteleiar:	Dag Olav Tennfjord, Ordfører i Skodje kommune
Oppmøte:	Arne Sandnes, Ordfører, Norddal kommune Per Magnus Berdal, Varaordfører, Norddal kommune Viktor Valdøl, Formannskapsmedlem, Norddal kommune Tor Helge Stavdal, Rådmann, Norddal kommune Randi Bergundhaugen, Varaordfører, Vestnes kommune Aud Marie Bergdal, Formannskapsmedlem, Vestnes kommune Geir Inge Lien, Ordfører, Vestnes kommune Tone Roaldsnes, Rådmann, Vestnes kommune Eva Hove, Ordfører/nestleiar, Stordal kommune Kjersti Ruset Hjelle, Varaordfører, Stordal kommune Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune Lars Joranger, Kommunereformkontakt, Stordal kommune Karen Simonnes Aanes, Ordfører, Ørskog kommune Geir Peter Aure, Varaordfører, Ørskog kommune Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune Dag Olav Tennfjord, Ordfører/leiar, Skodje kommune Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune Per Ivar Lied, Rådgivevar, Sunnmøre Regionråd (referent)

Karen Aanes, ordfører i Ørskog kommune, ønske velkomen.

1. Forslag til forhandlingsmodell og tidsplan

Sunnmøre Regionråd v/ Per Ivar Lied innleia og avslutta med forslag til tidsplan utarbeidd av koordineringsgruppa. Forhandlingsmøta blir på Storfjord Hotell.

9.februar: Innleiande møte

11.februar: Forhandlingsmøte I

18.februar: Forhandlingsmøte II

(22-26. februar vinterferie)

8-9. mars kl 12-12: Forhandlingsmøte II og IV NB! Med overnatting, sluttmøte etter lunsj.

Erlend Krumsvik frå Sunnmøre Regionråd er ønska som forhandlingsleiar.

Det var semje om at ein skulle starte frå morgonen av i forhandlingsmøta. Då blir innkallingstidspunkt 8-12. Sterkt ønske frå deltidspolitikarane.

Forslag til tidsplanen vart godkjent. Klokkeslett blir sett seinare gjennom kalendarinnkalling.

2. Kommunevis orientering om status kommunereforma

Ørskog: Formannskapsmøte 21. januar, formelt retningsval vil bli gjort av kommunestyret 28. januar. Innstillinga er 1) størst muleg regionkommune, 2) Fem nabokommunar. Andre element vil vere innbyggjarinvolvering, informasjon eksternt og internt, spørjeundersøking. Folkemøte 18. januar.

Vestnes: Har nyleg hatt sonderingar med Aukra og Midsund (Møreaksen), truleg meir aktuelt lenger fram i tid. Truleg retningsval: 1) Forhandlingar med Rauma, 2) Forhandlingar om landkommune Sunnmøre (føresetnad at Vestnes blir administrasjonssenter), 3) eiga kommune.

Norrdal: Det pågår drøftingar internt; Norrdal og Eidsdal ser ut til å ønske samanslåing med Stranda. Nordsida ønsker truleg ikkje samanslåing med Stranda, kan vurdere grensejusteringer. Retningsval: 1) Gå vidare med forhandlingar om landkommune, 2) føre (separate) samtalar med nabokommunane Stordal og Stranda, 3) eiga kommune. Norrdal har arrangert 6 folkemøter, god forankring. Ikkje vedtatt type innbyggjarhøyring.

Stordal: Retningsval i formannskapet 20. januar og kommunestyret 27. januar. Land- og regionkommune er dei to aktuelle alternativa, i tillegg til å halde fram som eiga kommune). Har nettopp hatt nytt folkemøte (14. januar) med stort oppmøte. Landkommune er det primære ønsket.

Skodje: Så langt har Skodje ønska forhandlingar både om land- og regionmodell. Stemninga blir likevel tolka mest i retning av Ålesund/ regionkommune utifrå dette som den naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionen. Også folkemøte dagen før, der m.a. dei foreslåtte endringane i inntektssystemet viser store konsekvensar for dei fleste kommunane, ikkje minst Skodje.

3. Gruppearbeid

Eva Hove for gruppe 1: Drøfta føringane i forslaget til nytt inntektssystem som gir rammevilkår for kommunane og føresetnadene for kommunereform. Eit viktig spørsmål er lokalisering av administrasjonssenter, ikkje minst etter posisjonen til Vestnes. Næringsutvikling må vere i fokus i nye kommunen, her er m.a. god kommunikasjon og infrastruktur viktige føresetnader. Kommunane, og kanskje spesielt Norrdal, vil oppleve demografiske utfordringar. Skodje klar på at ikkje kan stå åleine. Demokratiaspektet vart drøfta, og mulegheita for utval basert på tidlegare struktur.

Geir Inge Lien for gruppe 2: Inntektssystemet var drøfta, foreslåtte endringar vil bli krevande for mange kommunar. Må også diskutere innsparingar ved evt ny kommunestruktur, og korleis desse kan brukast på ein god måte inn i ny landkommune. Brukte tid på å drøfte funksjonsfordeling og ny organisasjonsmodell, korleis gjennomføre dette. Vil det vere nyttig om ein 3. part gjer analyse og foreslår modell? Korleis fordele ulike ansvarsområde i tettstadane/ tidlegare kommunesenter. Demokratimodell, kanskje leikevel begrensa behov for bydels-/ områdeutval i ei kommune med under 15000 innbyggjarar. Meir frikjøp av politikarar i formannskap? Bli det meir sektorpolitikarar? Størrelse politiske organ: Min. 33 i nytt kommunestyre, 7-9 i formannskapet.

Karen Aanes for gruppe 3: Gjekk gjennom nokre av dei ti felles punkta frå sist, drøfta spørsmålet om lokalisering av rådhus. Betenkt over Vestnes sitt standpunkt om administrasjonssenter, geografisk er andre alternativ meir logiske. Drøfta både administrativ og politisk struktur. No er det på tide å bli meir konkret, korleis skal intensjonsavtalen sjå ut, kva skal innhaldet vere, konkrete punkt. Ønska å få tilsendt den signerte K5-avtalen. Bente Vikhagen sender SR som fordeler/ legg ved referatet.

Arne Sandnes for gruppe 4: Gode diskusjonar, likevel ikkje konkret. Tok opp ein del punkt frå sist: Demokrati, samfunnsutvikling, rådhus, næringsutvikling. Folkeavstemming, type høyring, når, korleis vektlegge resultatet. Sentralisering var drøfta, korleis kan reforma motverke dette og sikre positiv utvikling i alle kommunar. Tillit mellom partane er avgjerande, og møta så langt har lagt eit godt

grunnlag. Kommunane er ulike, ulike utfordringar, i indre opplever ein nedgang folketal, dei andre er vekstkommunar. Ei ny kommune må rigge eit apparat for felles næringsutvikling, eit sterkt næringsfond for heile den nye kommunen. Drøfta interkommunalt samarbeid, desse tenestene må vidareutviklast uansett. Språk i den nye kommunen er identitet, nynorsk naturleg. Avgjerande å kome fram til ein felles visjon. Gruppa kom etter litt diskusjon fram til forslaget "Tenester og næringsutvikling der folk bur". Felles overskrift, langsiktige mål viktig.

4. Oppfølging til neste møte

Alle kommunane bør sørge for god politisk forankring av utfordringspunkt til neste møte.

Forhandlingsutvala har sendt inn punkt tidlegare, men fleire opplever det som nyttig at desse er drøfta politisk i eigen kommune.

Kommunane handsamar utfordringspunkt i kommunestyre eller formannskap.

Sjå på ulike intensjonsavtaler, tenke på punkt, bli enige om overordna punkt på neste møte. Treffe balansen mellom overordna nivå og detaljgrad.

Neste møte 22. januar, Vestnes. Ikkje agenda så langt, men forslag er å avklare overordna punkt i ein intensjonsavtale: Rammeverk, kapittel, struktur, utan å drøfte innhald.

Vedlegg: Revidert 5K

Møtet slutt 12:30 etter felles lunsj.